

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 17.3.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/22. Utlysing av hjortejakta i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt

Saksopplysning/vurdering

Det nedre jaktfeltet i Nordheimsdalen går opp til 600 m.o.h. Feltet har dei siste 2 åra, perioden 1. september – 31. oktober vore utleigt til eit utanbygds jaktlag, etter utlysing og trekking. Frå 1. november har området vore nytta av dagskortjegerar, på same måten som resten av jaktområdet i Nordheimsdalen (jaktfelt 2, over 600 m.o.h). Jaktlaget i det nedre feltet har dei siste åra disponert 6 fellingsløyve på vaksne dyr + fri kvote på kalv. Dei felte ingen dyr første året, og 6 dyr det andre, av dette 1 kalv. Dette er noko ein har sett tendensar til tidlegare òg – at jaktlag som kjem nye inn i området får dårleg utteljing første året, og betre resultat året etter. Dette er nok ikkje det enklaste området å jakta i.

I forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, sist vedteken 11. mars 2021, heiter det i § 2 at det ved sal av jaktkort og utleige av jakt på m.a. hjort og elg skal vera ei rimeleg fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande. Med rimeleg fordeling meiner ein at inntil 60 % kan seljast eller leigast ut til innanbygds jegerar. Denne bestemmelsen er årsak til at fjellstyret har valt å halda av eit jaktfelt som vert utlyst med sikte på å få inn utanbygds søkjarar. I § 8 i den same forskrifta heiter det vidare at «elg- og hjortejakt på statsallmenning skal tilbys på en slik måte at den gjeres kjent for alle bosatte i Norge.» Utlekking av tilbodet på fjellstyret si eiga heimeside er tidlegare rekna for å tilfredsstilla dette kravet. Elles har fjellstyra eit opplegg med felles utlysing gjennom Inatur av jakt på elg og hjort. Me har tidlegare opplevd at det har vore kommunikasjonsvanskar, og at jakta er tildelt jegerar som ikkje heilt veit kva dei har søkt på, og som kanskje trekkjer seg når dei kjem og ser kor vanskeleg tilgjengeleg terrenget er. Eg vil difor rå til at tilbodet berre vert utlyst ved bruk av fjellstyret si eiga heimeside, med deling til fjellstyret sin facebook- og instagramkonto. I tillegg kan det leggjast ut informasjon på fjellstyresida i «Aurlendingen.»

På fjellstyret si heimeside ligg det ein del informasjon om storviltjakta i Aurland statsallmenning. Der finn ein meir detaljerte opplysningar om tilhøve som gjeld hjortejakta og jaktområdet. M.a. finn ein der retningsliner for elg- og hjortejakta i Aurland statsallmenning, vedtekne av fjellstyret i 2016.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 17.3.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/22, side 2.

Det må bestemast kva fellingskvote ein skal tilby dette jaktfeltet, av den romslege fellingskvoten som vert tildelt heile statsallmeningsvaldet (53 løyve i 2021 + fri kalv). Det er eit poeng å få omsett ein så stor del som mogleg av denne kvoten. Eg vil føreslå å auka talet på løyve til dette jaktlaget frå 6 til 8, og at denne kvoten vert fordelt likt med fordelinga i totalkvoten. Det er enno ikkje kjent korleis kvoten vert fordelt på kjønn og alder i år. Dei siste 4 åra har alle løyve vore tildelte som «frie dyr.»

Når det gjeld lengda på leigeperioden for feltet som no vert utlyst, bør fjellstyret ta omsyn til at utleigeperioden for det øvre felte, som Aurland jakt- og fiskelag leiger, gjeld for 2 år til. For ikkje å risikera koma i utakt ved neste fornying av den kontrakten, bør utleiga av det nedre feltet gjerast for 2 år. Då har ein høve til å sjå på heile jaktområdet under eitt om to år.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret lyser ut jakta i jaktfelt 1 (nedre felt) i Nordheimsdalen for 2 år, 2022-23. Jaktfeltet vert utlyst med 8 fellingsløyve for vaksne dyr, med same fordeling på kjønn og alder som kvoten i valdet elles. I tillegg kjem kalveløyve, som berre vert betalte for viss ein feller kalv. Utlysinga vert gjort på fjellstyret si heimeside og på fjellstyresida i «Aurlendingen,» med søknadsfrist 30. april. Jaktlag som søker må ha minimum 4 deltakarar for å verta med i trekninga.

Fjellstyrekontoret, den 16.3.22

Harald Skjerdal